



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 13/1603	Dokumentnr.:
Mottatt: 16 JUL 2014	
Saksbehandler: MP/SIF	Ansvar: 011.2
Kopier:	Avskrift:

Dykkar ref.  
13/1603

Vår ref.  
14/3936 - TJU

Dato  
15.07.2014

## Høyring - forslag til endringar i matlova

Vi viser til brev 27. juni 2014 frå Landbruks- og matdepartementet.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknadar:

I utkastet til endring i matlova § 25 andre ledd er det lagt opp til at både ei verksemd og den ansvarlege i verksemda skal kunne påleggjast å stoppe drifta i ein viss periode, slik at ein hindrar at den ansvarlege startar opp ny verksemd og held fram med drift som ikkje oppfyller krava i lova. Det er derimot uklart om ordlyden i utkastet vil hindre den ansvarlege i å starte opp ny verksemd. Å «stenge» ein aktivitet vil ikkje utan vidare omfatte forbod mot å starte opp eller drive tilsvarande aktivitet i andre samanhengar, og ordet høver dessutan ikkje heilt når det gjeld å hindre aktivitetar som enkeltpersonar står bak.

Vi tilrår difor at § 25 andre ledd kan få eit nytt andre punktum, medan fyrste punktum står som i dag. Det nye andre punktumet kan til dømes lyde:


*«Den som er ansvarlig i virksomhet som nevnt i første punktum, kan nektes å starte opp eller utføre en eller flere aktiviteter for en tilsvarende avgrenset periode som nevnt i første punktum.»*

Det bør samstundes avklarast om slik karantene kan vera å rekna som straff i nokon samanheng, slik at dette ikkje skapar problem dersom ein ynskjer å ta i bruk straffeføresegna i lova.

### Forholdet til Svalbard

I HOD sitt høyringsbrev 20. mars 2013 blei matlova foreslått gjort gjeldande for Svalbard, med Sysselemanden og Longyearbyen lokalstyre som tilsynsstyresmakt i samråd med Mattilsynet (HODs ref. 13/1413). I vårt høyringssvar 2. september 2013 tok vi til orde for at tilsynsstyresmakta bør leggjast til fagorganet Mattilsynet på same måte som på fastlandet, men at Sysselemanden og Lokalstyret bidrar med svalbardkompetanse og praktisk tilrettelegging. Dette meiner vi fortsatt bør vere løysinga for Svalbard. Vi føreset at det blir lagt til rette for dette når den nye organisasjonen blir sett i kraft.

Med vennleg helsing

  
Harald Aass  
for fagdirektør

  
Toril Juul  
seniorrådgjevar